

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: måndag 20. juni 2022
Tid: kl. 17.00
Sted: Sveio kommunehus
Servering: Pizza og mineralvatn

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som SMS til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Dagleg leiar Arvid Grimstvedt møter i sak 16 og rådmann er kalla inn i sakene 17- 20.

Saksliste:

15/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 09.05.22

16/22 Orientering frå selskapet – Aktio AS

17/22 Oppfølging av forvaltningsrapport « Tilpassa opplæring og spesialundervisning»

18/22 Om rutinar knytte til tildeling av helse- og omsorgstenester

19/22 Prosjektmandat – forvaltningsrevisjon - «Matrikkelføring og grenseoppmåling»

20/22 Referat- og orienteringssaker 20.06.22

Eventuelt

Frå leiar: «*Utvalet si rolle under pandemien*»

Sveio/Aksdal, 13.06.22

Arne Valen
leiar (sign.)

Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (kalla inn saman med kommunalsjef)
Varamedlemmer (til orientering) og presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	20.06.22	15/22
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 09.05.22

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 09.0522 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll frå møtet 09.05.22

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 09.05.22 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av nestleiar/leiar i etterkant av møtet og er oversendt medlemma og kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 13.05.22

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL**PROTOKOLL**

Måndag **9. mai 2022** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiding av utvalsleiar Arne Valen.

MØTESTAD:	Sveio kommunehus, kommunestyresal
MØTESTART/-SLUTT:	kl.17.00 – kl. 19.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Leiar Arne Valen (Sp) nestleiar Per S. Wathne (Krf), Solfrid Aasen (Sp), Gustav Eidsvåg (Frp) og Marit Elise Lier (Ap)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS MØTTE:	Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Ass. rådmann/økonomisjef Peter O. Lura IKT-leiar Øistein Myge og personvern-ombod/jurist Bjarte S. Storli i sak 9/22
ANDRE SOM MØTTE:	Øyvind Sævarhagen som tilhøyrar
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 8/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 31.01.22****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 31.01.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.05.22:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.05.22:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 31.01.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 9/22 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – IKT OG PERSONVERNTRYGGLEIK

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek IKT-leiar Myge og personvernombod Storli sine utgreiingar om IKT-avdelinga og om personverntryggleiken til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.05.22:

IKT-leiar Øistein Myge orienterte og viste ein presentasjon om sitt ansvarsområde og kva dei 3 tilsette ved IKT-avdelinga gjer. Dei er ein del av stab/støtte og har kontakt med alle einingane i kommunen. Stikkordsmessig var han innom arbeidet med nettverks- og server-infrastruktur, med klienteiningar (IPad, pc, mobil), applikasjonar, integrasjonar, brukarstøtte, telefoni og innkjøp av utstyr.

Han trakk fram arbeidet med førebygging og sårbarheit som svært viktig og kom råd med omsyn til å sikre seg mot hacking. Sveio hadde avtale med HelseCERT, men det var ein kamp med klokka mot dei som ville infiltrere kommunen sine datasystem. Han opplyste at IKT-einingane i kommunane i regionen har felles kommunikasjonskanal for å informere kvarandre om mellom anna tryggleiksarbeid. IKT-leiarane har månadlege møte.

Utvalet hadde spørsmål og var opptatt om dataangrepet mot Østre Toten i 2021 også kunne skje i Sveio. Manglane var knytte seg til manglande loggføring, sikring av back up og manglande tofaktor-autentisering og andre tryggleikstiltak. IKT var heile tida på vakt, og hadde stort fokus på dette, men kunne aldri love full tryggleik.

Personvernombod/jurist Bjarte Stølås Storli orienterte og viste sin presentasjon. Han hadde sidan 2020/21 vore personvernombod også for kommunane Etne, Tysvær og Vindafjord. Etter samarbeidsavtalen er stillinga sett til 40 %. EU si personvernforordning er veldig detaljregulert (meir enn direktiva). Den kom i 2018, og kommunane har tilpassa seg og implementert sine plikter. Noreg hadde offentliglov før GDPR-forordninga kom, og har gjerne hatt lettare for å tilpasse seg krava enn visse andre land. Oppgåva han har er mellom anna gje råd, halde fordrag, halde kommunane oppdatert. Ny rettleiar er no laga og skal snart ut til einingane.

Leiar takka for fine orienteringar innanfor viktige område.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.05.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek IKT-leiar Myge og personvernombod Storli sine utgreiingar om IKT-avdelinga og om personverntryggleiken til orientering.

SAK 10/22 OM RUTINAR KNYTTE TIL MATRIKKELFØRING OG GRENSEOPPMÅLINGAR I SVEIO KOMMUNE

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rådmannen si utgreiing om rutinar knytte til matrikkelføring og grenseoppmåling til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.05.22:

Utvalsleiar innleia om bakgrunn for saka. Han viste til at det kome fleire spørsmål frå medlemmane på rådmannen sin tilbakemelding. Han hadde sjølv same dag sendt inn nokre skriftleg spørsmål om kommunen erkjenner å ha gjort feil i matrikkel- og oppmålingssaker og dette med manglande svar på skriftlege henvendingar til kommunen.

Ass. rådmann/økonomisjef viste til tilbakemeldinga og meinte det var ein grensegang mellom enkeltsaker og systemsvikt, I 2011 hadde Sveio 650 «sirkeleigedomar» (ikkje oppmålt etter dagens krav). Sidan 2019 er så å seie alle oppmålt, og Sveio er blant dei to kommunane i Vestland som nådd dette målet. Han var klar på at feil kan ha skjedd og at det kan oppstå reell usemje mellom partane. Dette har blitt løyst gjennom klage eller rettargang. Nokre saker har gått i disfavør, men også saker har gått andre veg for kommunen. Kommunen har no betre rutinar og meir eigenkompetanse. Saksmengda er no overkommeleg.

Utvalsleiar meinte tilbakemeldinga var grei og han var nøgd med at kommunen erkjente at feil var gjort og deira ønskje om å rydde opp. Solfrid Aasen var oppteken av kvalitetssikring av tidlegare oppmåling, og ho ønskte ei forvaltningsrevisjon innan dette området og mot at kommunen ikkje svarer. Ho meinte kommunen hadde eit omdømmeproblem innan dette feltet.

Sekretær viste til at utvalet har tinga forvaltningsrevisjons om kommunen sitt planarbeid i januar, og ei ny tinging ville sprengje utvalet si budsjettramme. Utvalet kunne stanse prosjektet då arbeidet ikkje var starta opp eller søke om tilleggsløyve. Revisor viste til dei i samråd med utvalsleiar bevisst hadde valt å vente til kommande planar blei sendt ut i haust.

Utvalet støtta Aasen sitt framlegg om å få eit prosjektmandat til neste møte og utvalet vil deretter ta endeleg stilling til tinging av prosjekt og søknad om tilleggsløyve i juni.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.05.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil be Rogaland Revisjon IKS legge fram eit utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om rutinar knytte til matrikkelføring og grenseoppmålingar i Sveio kommune til neste møte 20.06.22.

SAK 11/22 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2021-SVEIO KOMMUNE**Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2021 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Sveio kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021.

Handsaming i kontrollutvalet 09.05.22:

Utvalsleiar innleia. Sidan rådmannen hadde forfall tok økonomisjefen og orienterte kort om rekneskap og nøkkeltal. Årsresultatet var blitt veldig bra, ut frå Sveio sine føresetnader. Det skyldast i hovudsak auka skatteinntekter med 18,7 mill.

Meirforbruket ved einingane blei på 12,3 mill. kr. Kommunen har mykje gjeld, men gjeldsgraden er innan fastsett måltall. Driftsfondet på 108,6 mill. kr er også under måltall. Kommunens likviditet er god. Han viste til nærmare detaljar utførlig omtalt i årsrapporten.

Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen å orienterte også om resultatet, om kommunen sin økonomisk situasjon og meir detaljert om deira revisjonsarbeid. Han gjorde her greie for funn/merknader i dei ulike delane av rekneskapen. Revisjonsmeldinga har positiv konklusjon. Revisor hadde nokre framlegg til forbetringar, spesielt nokre feil opp mot anordningsprinsippet, men alt i alt hadde kommunen gode rutinar.

Utvalsleiar takket for presentasjonane og var tilfreds med resultatet, men ikkje med overforbruk og sjukefråværet. Utvalsleiar gjorde framlegg om følgjande tillegg i uttalen:

Utvalet har merka seg at kommunen har eit meirforbruk på 7 av 16 rammeområde med totalt 12,3 mill. kr. Utvalet vil særleg peike på og be administrasjonen sørgje for betre budsjett-disiplin.

Årsmelding viser at sjukefråværet er 8,4 %, det høgaste sidan 2008. Det er viktig med større fokus på nærvær framfor fråvær i dei einingane med sjukefråver over gjennomsnitt.

Solfrid Aasen gjorde merksam på at sjukefråværet måtte sjåast i ljøs av koronopandemien då det hadde vore nulltoleranse for å gå på jobb ved sjukdomssymptom. Økonomisjefen viste til at administrasjonen hadde ønske om å lage realistiske budsjett, men at det var vanskeleg å forutsjå talet på pleietrengande i løpet av eit år. Det kunne variere frå 31 til 39 omsorgsplassar, som utgjorde stor skilnad i kostnader.

Utvalet slutta seg til framlegg til uttale med leiar sitt tillegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.05.22 og innstilling til kommunestyret:

Kontroll – og kvalitetsutvalet i Sveio vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2021 slik den ligg føre:

*«Sveio kommune har i 2021 eit **positivt netto driftsresultat med 9,7 mill. kr**, som utgjer **3,7 %** av driftsinntektene. Det er eit betre resultat enn i fjor, som var på 1,6 %, og resultatet i år er vesentleg øve teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.*

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2021, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsrapporten for 2021 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2021 og for kommunen si økonomiske stoda pr. 31.12.21.

Utvalet har merka seg at kommunen har eit meirforbruk på 7 av 16 rammeområde med totalt 12,3 mill. kr. Utvalet vil særleg peike på og be administrasjonen sørge for betre budsjettdisiplin.

Årsmelding viser at sjukefråværet er 8,4 %, det høgaste sidan 2008. Det er viktig med større fokus på nærvær framfor fråvær i dei einingane med sjukefråver over gjennomsnitt.

Kontroll- og kvalitetsutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er komme fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2. 5

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om revisjonsarbeidet og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Sveio kommune for 2021.

Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner Sveio kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2021.»

SAK 12/22 UTTALE TIL REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2021 - RYVARDEN KULTURFYR KF

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sitt årsrekneskap for 2021, slik den ligg føre.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr FK sitt årsrekneskap og årsmelding for 2021.

Handsaming i kontrollutvalet 09.05.22:

Revisor hadde ingen merknader til rekneskapen. Utvalet gleda seg over positivt resultat og ønskte at dei tilsette ved foretaket ble takka for deira innsats.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.05.22 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sitt årsrekneskap for 2021, slik den ligg føre:

*«Ryvarden Kulturfyr FK har eit **positivt netto driftsresultat med kr 115.244**. Det er eit klårt betre resultat enn i fjor, kor driftsresultatet var på kr – 91.482. Årets resultat må sjåast i ljøs av fjorårets pandemi som førte til noko innskrenka drift.*

.....

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr FK sitt årsrekneskap og årsmelding for 2021.

SAK 13 /22 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMI-FORVALTNINGA 2021

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2021 til orientering

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.05.22:

Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen orienterte om formål og kontroll. Kontrollen omfatta gaver, velferdsutgifter, representasjon og utgifter til reise- og opphaldsutgifter. Kontrollen avdekkja nokre svakheiter, men revisor hadde kome med positiv uttale. Fleire andre kommunar har fått negativ konklusjon. Utvalet hadde ingen merknader til uttalen.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.05.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2021 til orientering

SAK 14/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.05.22

18. Statusrapport pr. mai 2022
19. Løypemelding frå Rogaland Revisjon om forvaltningsrevisjonsprosjekt «Planarbeid»
20. Kommunestyrevedtak 21.02.22, sak 19/22 – Nyval av kontroll- og kvalitetsutvalet
21. Kommunestyrevedtak 21.02.22, sak 20/22 – Årsmelding 2021
22. Representantskapsmøte 08.04.22 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland 08.04.22
- 23 Representantskapsmøte 22.04.22 kl. 09.00 – Haugaland brann og redning IKS
24. Representantskapsmøte 25.04.22 kl. 16.00 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
25. Representantskapsmøte 29.04.22 kl. 08.00 – Haugaland Vekst IKS (Teams)
- 26 Generalforsamling 29.04.22 kl. 10.00 – Haugaland Kraft AS
- 27 Sak til kontrollutvalet frå leiar av Sveio eldreråd om kommunal klagenemnd 28.03.22
28. Førebels svar til Sveio Eldreråd 31.03.22
29. Medlemsinfo frå FKT – mars 2022t
30. KMD si organisasjonsbase « Kontrollutvala har fått meir å gjere»
31. «Nå skal det bli lettare å måle kommunens bærekraft» - Kommunal Rapport 10.03.22
32. Oppsummering frå samlinga på Solstrand, Os v/utvalsleiar

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 18 – 32 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval visar til henvendinga frå Sveio eldreråd om oppretting av kommunal klagenemnd og utvalet vurderer det som ei sak utvalet ikkje vil følge opp då saka ligg utanfor utvalet sitt mandat.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.05.22:

Sekretær gjekk gjennom sakene. Revisor opplyste at arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet ville bli skjøve ut i tid og at rapport ville komme på nyåret. Utvalet hadde ingen merknader til desse.

Til sak 27

Utvalsleiar var samd i sekretariatet at eit utval med administrasjon og folkevalde ville skape forvaltningsmessige problem. Då det etter lova er statsforvaltar som er klageinstans, vil alle saker som ikkje blir innvilga gå til dit, og eit underutval vil då føre til forsinka saksgang.

Det blei hevda at tildelingane var for mykje styrt av ein person. Ass. rådmann/økonomisjef meinte det ikkje var tilfelle, da dei var fleire tilsette ved tildelingskontoret.

Utvalet ønskte ein orientering i junimøtet om prosedyrar og rutinar knytte mot opp handsaming av søknader om kommunale pleie- og omsorgstenester ved tildelingskontoret.

Vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.05.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 19 – 32 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber på bakgrunn av henvendinga frå Sveio eldreråd om ein tilbakemelding frå rådmannen om prosedyrar og rutinar knytte til søknader om kommunale pleie- og omsorgstenester ved tildelingskontoret til møtet 20. juni.

Skriftleg svar vert levert sekretariatet innan 10.06.22. Utvalet ber om også om at rådmannen orienterar om saka i junimøtet.

EVENTUELT

Neste møte: måndag 20. juni kl. 17.00

Saker: Orientering frå selskapet Aktia (tidl. Haugaland Industri) AS, om tildeling pleie- og omsorgstenester og utkast til forvaltningsrevisjonsmandat om matrikkelføring og grenseoppmåling.

Sveio/Aksdal, 9. mai 2022

Arne Valen
kontroll- og kvalitetsutvalsleiar

Toril Hallsjø
utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	20.06.22	16/22
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	217	

ORIENTERING OM KOMMUNALE SELSKAP – AKTIO AS (TIDL. HAUGALAND INDUSTRI)

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek dagleg leiar Arvid Grimstvedt si utgreiing om selskapet Actio AS til orientering.

Bakgrunn:

Kontroll- og kvalitetsutvalet vedtok i møtet 27.09.21, sak 20/21 ein plan for orientering om kommunen eller kommunale selskap i løpet av 2022. Vedtaket var følgjande:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

- | | |
|---------------------|--|
| 1. møte 2022 | Haugaland Brann og redning IKS |
| 2. møte 2022 | IKT-avdelinga og personvernombodet |
| 3. møte 2022 | Haugaland Industri AS (no Aktio AS) |
| 4. møte 2022 | Haugaland Kraft AS |
| 5. møte 2022 | Rådmannen om status for eksterne prosjekt |
| 1. møte 2023 | Karmsund Havn IKS |

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere utvalet betre kjend med drifta av kommunen eller kommunale selskap og dei utfordringar administrasjonen eller dagleg leiar står overfor.

Planen blei oversendt rådmannen og leiarar av selskapa 30.09.21. Det framgjekk i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte. Det er opp til rådmannen eller dagleg leiar å bestemme kven han/ho tar med seg til møta eller om dei møter som representant for rådmannen eller leiar.

Adm. dir./dagleg leiar Arvid Grimstvedt er kontakta og han vil stille på møtet for å orientere om selskapet og om sine arbeids- og ansvarsområde.

Fra www.purehelp.no foreligger følgende opplysninger om selskapet Aktio AS:

Org. nr 927 384 604
 Firmanavn: Aktio AS
 Selskapsform: AS med akjekapital NOK 301.500
 Stiftet: 16.06.21
 Formål: Eieaksjer og andeler i underliggende virksomheter som i det alt vesentligste driver virksomhet som tilbyr arbeidsmarkedstiltak i samarbeid med Arbeids- og velferdsetaten, eller som eier og leier ut anleggsmidler som benyttes i slik virksomhet, samt annen virksomhet som naturlig knytter seg til dette.

Eierposter:	Aktio Eiendom AS	100 %
	Mc-butikken AS	100 %
	Haugaland Idrettsbarnehage AS	100 %

Ansatte : Adm. dir/daglig leder Arvid Grimstvedt

Styreleder: Tønnes B. Tønnesen
 Styremedlemmer: Ragnhild Bjerkvik, Nils Fosse, Sidsel Øxnevad og Terje Lund

Eiere:	Haugesund kommune	43,78%
	Rogaland fylkeskommune	28,19 %
	Karmøy kommune	8,29 %
	Tysvær kommune	5,14 %
	Sveio kommune	3,31 %
	Vindafjord kommune	1.82, %
	LHL	3,31 %
	Andre (Bokn m.fl)	4, 51 %

Regnskap for 2021 viser en omsetning på **NOK 1 303.000**, et driftsresultat på **NOK 27 000** og hvor egenkapital var **positiv** med **NOK 316 000**.

Om selskapet Aktio Kompetanse AS:

Org. nr 912 459 659
 Firmanavn: Aktio Kompetanse AS
 Selskapsform: AS med akjekapital NOK 301.500
 Stiftet: 07.01.1964
 Formål: Legge til rette for at personer som står på utsiden av arbeidslivet får styrket sine muligheter for å skaffe seg egen jobb..

Ansatte : 13

Siste innlevert regnskap i 2021 viser en omsetning på **NOK 45 441 000**, et driftsresultat på **NOK 13 908 000** og hvor egenkapital var **positiv** med **NOK 22 979 000**.

Sekretariatet har som standard å gjere framlegg (kun rettleiande) at det vert orientert om følgjande tema:

Tenesteområdet og tenestetilbod

- Korleis tenesteområdet/selskapet er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområdet

Talet tilsette v/tenesteområde/selskapet

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap

- Rammer
- Resultat

Tankar om framtida

- Utfordringar
- Planar

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvalet å utvide denne, dersom det er ønskeleg. Til møtet er det andre saker, så det er viktig å halde ei tidsramme.

Det er også greit, dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle ha innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, om dei varslar om det via sekretariatet i forkant av orienteringa.

Aksdal, 13.06.22

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	26.09.22	
Kontroll- og kvalitetutvalet	20.06.22	17/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» til orientering.

Vedlegg:

1. Rådmannen si tilbakemelding, 10.06.22 på Deloitte sin rapport frå 2021
2. Rutine for å sikre læringsutbyttet til elevane – tilpassa opplæring i eit inkluderande læringsmiljø (12 sider)

Bakgrunn

Sveio kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 01.11.21, sak 83/21 følgjande:

1. *Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 12 tilrådingar.*

Kommunestyret vil spesielt framheve tilråding nr 5 om føremålstenleg organisering av PP-tenesta ved å gjennomgå samarbeidsavtalen mellom Sveio kommune og PP-tenesta og å kartlegge risiko- og sårbarheitsområda med tanke på å forbetre avtalen.

3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*
4. *Rapporten frå forvaltningsrevisjonen "Tilpassa opplæring og spesialundervisning" blir send til styret for den interkommunale PP-tenesta for Haugesund, Utsira og Sveio saman med dokumentasjon frå kommunal saksbehandling.*

Saksframlegg

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke om Sveio kommune har system og rutinar som bidrar til å sikre at elevar i grunnskulen får tilpassa opplæring i samsvar med krav i opplæringslova, og om det er etablert føremålstenlege system og rutinar for å vurdere behovet for spesialundervisning.

Vidare blei det undersøkt i kva grad saksbehandlinga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning oppfyller sentrale krav i regelverket, og om det er etablert gode system og rutinar for samarbeid mellom skulane og PPT når det gjeld både systemretta og individretta arbeid.

Det blei sett opp følgjande hovudproblemstillingar:

- 1. I kva grad har kommunen system og rutinar som skal bidra til å sikre at elevar i grunnskulen får ei opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader?*
- 2. I kva grad er det etablert føremålstenlege system og rutinar for samhandling mellom skulane og PPT?*
- 3. I kva grad er sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning i samsvar med sentrale krav i opplæringslova og forvaltningslova?*
- 4. I kva grad er det etablert føremålstenlege system og rutinar for å sikre at gjennomføring av spesialundervisning blir gjort i samsvar med dei vedtaka som er fatta?*

Tilrådingane

Basert på det som kom fram i undersøkinga kom Deloitte med følgjande tilrådingar om tiltak overfor Sveio kommune:

- 1. Gjere undersøkingar knytt til aktuelle hindringar for tilpassa opplæring, og identifisere moglege tiltak for betre tilpassa opplæring.*
- 2. Evaluere tiltak som er sett i verk for å sikre tilpassa opplæring, til dømes bruk av to-lærarsystem, for å vurdere effekten av tiltaka og behova for ev. ytterlegare tiltak.*
- 3. Sikre at det blir etablert rutinar for å evaluere tiltak som blir iverksett ovanfor elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning (tidleg innsats), og vurdere i kva grad tiltaka er eigna til å bidra til at forventa progresjon blir nådd.*
- 4. Sikre at skulane i kommunen har ein innarbeidd framgangsmåte for korleis lærarane som ein del av undervegsvurderinga vurderer om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.*

SVEIO KOMMUNE

Saksframlegg

5. Sikre at PP-tenesta er føremålstenleg organisert for å ivareta lovpålagte oppgåver.
6. Gjennomgå og justere rutinar og malar som skal nyttast i sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning, slik at desse er i samsvar med regelverket og bidrar til å sikre at krav i regelverket blir etterlevd (jf. revisjonen sine vurderingar i 5.3.2).
7. Sikre at sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning er i samsvar med krav i opplæringslova og forvaltningslova (jf. revisjonen sine vurderingar i kapittel 5.4.2).
8. Sørgje for at rektorane og dei tilsette ved skulane er kjent med gjeldande rutinar og malar dei skal nytte i samband med tilpassa opplæring og spesialundervisning.
9. Sikre at alle elevar får gjennomført den spesialundervisninga dei har vedtak om, under dette at elevar med vedtak om spesialundervisning får det talet timar dei har rett på.
10. Sørge for at dei som utarbeider IOP får tilstrekkeleg rettleiing i dette arbeidet.
11. Vurdere å utarbeide ei rettleiing for korleis skrive årsrapporten, for å sikre mest mogleg lik praksis på tvers av skulane.
12. Sett i verk målretta tiltak for elevar med rett til spesialundervisning som har fått endra sitt opplærings-tilbod og dermed ikkje har nådd sine opplæringsmål som følgje av Covid-19-pandemien. Kommunen bør vidare sørgje for å evaluere tiltaka for å vurdere effekten av tiltaka og behova for evt. ytterlegare tiltak.

Tilbakemeldinga

Rådmannen har i brev, dagsett 10.06.22 gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapport og korleis tilrådingane er følgt opp. Tilbakemeldinga tar punktvis for seg kvar dei 12 tilrådingane og det er gjeve kommentarar og omtalt kva som er blitt forbetra dei siste åra. Det er også lagt ved eit vedlegg om rutine for å sikre læringsutbyttet til elevane – tilpassa opplæring i eit inkluderande læringsmiljø (12 siders hefte).

På slutten av rådmannen sitt brev er det lagt inn litteraturliste med lenker til ulike dokument frå Utdanningsdirektoratet som er viktige og nyttige innan dette saksfeltet.

Sekretariatet har valt ikkje ta inn rådmannen/kommunalsjefen sine kommentarar/tilbakemelding inn i saksframlegget, så desse må lesast i vedlegget.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav E og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

SVEIO KOMMUNE**Saksframlegg**

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følge opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan og rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner rådmannen i denne saka har gjeve ei inngåande tilbakemelding om dei tiltak som ei arbeidsgruppe har tatt tak for å sikre betre system og rutinar i tråd med revisjonen sine tilrådingar.

Sekretariatet saknar nokre tydelegare tilbakemeldingar kva administrasjonen har hatt av kontakt og dialog med den interkommunale PP-tenesta, jfr kommunestyrevedtak pkt 2 og 4 om organisering og samarbeidsavtale. Dette vil kunne bli utdypja nærare i møtet.

Aksdal, 13.06.22

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær



Sveio kommune

Sveio kontroll- og kvalitetsutval C/O
Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 57

5575 Aksdal

Dato: 10.06.2022

Dokumentnummer: 21/246-8
Dykkar referanse:
Saksbehandlar: Elisabeth Nygaard

Oppfølging av forvaltningsrevisjon – Tilpassa opplæring og spesialundervisning

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning i Sveio kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Sveio kommune i sak 3/21 i møte 15.02.21. Føremålet med prosjektet var å undersøke om Sveio kommune hadde system og rutinar som bidrar til å sikrar at elevar i grunnskulen får tilpassa opplæring og spesialundervisning i samsvar med krav i opplæringslova, samt i kva grad sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning oppfylte sentrale krav i regelverket. September 2021 var rapporten frå revisjonen klar, og kommunen fekk 12 tilrådingar. I samband med dette ble det sett ned ei arbeidsgruppe for å sikre system og rutinar i tråd med tilrådingane revisjonen kom med.

1. Gjer undersøkingar knytt til aktuelle hindringar for tilpassa opplæring, og identifisere mogelege tiltak for betre tilpassa opplæring.

Arbeidsgruppa har laga eit oversikteleg og detaljert årshjul for sveioskulane. Her er det lagt inn fristar og rutinar, som til dømes når ein skal gjennomføre ulike kartleggingsprøvar og oppfølging av desse. I tillegg er det lagt inn lenkjer til aktuelle dokument. Døme på dette er mal for årsrapport og korleis ein gjennomfører utviklingssamtalar. Årshjulet er lagt i Outlook-kalendrar, med varsling. På denne måten kvalitetssikrar ein at skulane i Sveio har ei felles forståing for kva og når ulike hendingar skal bli gjennomført.

Sveio kommune er ein del av Kompetanseløftet (Udir 2021), og har fokus på vidareutdanning av pedagogar innan spesialpedagogikk og inkluderande praksis i åra som kjem. Det er i samband med dette gjort ei kartlegging blant tilsette i skulane i kommunen, der de kom fram kva kompetanse lærarane meinte dei trong. Dette vil legge føringar for kva kompetanse kommunen kjem til å jobbe med. Det er oppstart for Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis med fokus på leing, å drive skulebasert kompetanseheving og utvikla profesjonsfellesskap 4.mai 2022.

2. Evaluere tiltak som er sett i verk for å sikre tilpassa opplæring, til dømes bruk av tolærarsystem, for å vurdere effekten av tiltaka og behova for evt ytterlegare tiltak.

Generelt blir det viktig å gjere "Rutinar for å sikra læringsutbyttet til elevane. Tilpassa opplæring i eit inkluderande læringsmiljø" kjend for dei tilsette, og bruke rutinen aktivt som eit verktøy for å sikre tilpassa opplæring.

Evaluering av tolærarsystemet ved Vikse skule:

- 2 lærarar i alle matematikk, norsk og engelsktimar på 1.-7.trinn: det vil seie at i dei fleste tilfelle har elevane tilbod om fleire timar enn dei har tilråding og vedtak om. Ein har derfor kunna sikra tal timar og utbyte av undervisninga, og elevane har ikkje mista timar- dei har i dei aller fleste tilfella fått fleire

timar. Ved t.d. sjukdom hjå den eine læraren blir det kanskje ikkje alltid sett inn vikar men dei har alltid planar som varetar elevane si læring og med fokus på tilpassa opplæring slik at dei likevel kan få utbytte av undervisninga.

- Innafor tolærarorganiseringa står lærarane fritt til å organisera opplæringa, enten full klasse med 2 lærarar inne, eller 2 deling- anten jamne grupper eller ujamne etter behovet: dette har fungert bra, og etter 2 år med denne organiseringa byrjar lærarane å kunne utnytte dette til fulle. Det er særleg gunstig for å inkludere elevar med særskilte vanskar og utfordringar, og dei med vedtak om spesialundervisning. I nesten alle tilfelle har dei vedtak om særskilt hjelp i klasse eller gruppe, og med ekstra vaksentettleik klarar ein å følge dei opp på ein god måte og samstundes fange opp andre elevar som strevar. Ein kan også driva intensiv opplæring for færre elevar i ein periode, t.d. lesekurs.
- Skulen har ei klar ansvarsfordeling mellom lærarane; kva roller og oppgåver ein har som kontaktlærar og som tolærar (og ev. faglærar). Sjå vedlegg 1.
- Ein ser ei positiv utvikling etter å ha drive med to-lærarorganiseringa ei stund: fokuset alle pedagogane må ha er inkludering, integrering av alle elevane og tilpassa opplæring og individuell tilpassing til den enkelte.

Suksesskriterium: Me har lært at lærarane gjer kvarandre gode og utfyller kvarandre på fleire nivå når dei arbeider saman om desse faga. Me kan utnytte styrkane til den enkelte lærar på ein betre måte som kjem elevane til gode ved at dei får engasjerte lærarar som brenn for - og kan mykje om- sitt emne innanfor faga. Dei fangar også betre opp elevar som treng ekstra tilpassing og det er enklare å få til tilpassinga i kvardagen, samt med gode, tilpassa planar (vekeplanar, dagsplanar, lekser mm). Det er også ein styrke at det er to lærarar som har likt ansvar for planlegging og gjennomføring, som gjer det lettare ved fråvær. Elevane verkar nøgde med at dei har to vaksne i klasserommet som gjer at dei får raskare hjelp om dei treng det, og det er lettare å "bli sett". Tolærarorganiseringa gjer også at lærarane står litt friare i organiseringa av klasserommet og undervisninga sånt reint fysisk (møblering i rommet, deling av klassen i mindre grupper mm). Positivt at spesialundervisning går inn i systemet i klassen og dekkjer behova til nesten alle med vedtak.

3. Sikre at det blir etablert rutinar for å evaluere tiltak som blir iverksett ovanfor elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning (tidleg innsats), og vurdere i kva grad tiltaka er eigna til å bidra til at forventna progresjon blir nådd.

I "Rutinar for å sikra læringsutbyttet til elevane. Tilpassa opplæring i eit inkluderande læringsmiljø" ligg saksgang når det gjeld elevar som står i fare for å bli hengande etter fagleg. Denne er i samråd med BTI-modellen. Arbeidsgruppa har tatt ein gjennomgang og gjort enkle revideringar, blant anna å tydeleggjere koplinga til BTI. BTI er også eit av kjerneelementa i "Hallo-Adjø"- prosjekt overgang barnehage - skule/SFO. For å sikre opplæringa er rutineane lagt inn i årshjulet arbeidsgruppa har laga for sveioskulane. I tillegg blir det jamleg nytta kartleggingsprøvar, og oversikt over obligatoriske prøvar blir oppdatert i 2022. Denne skal inn i revidert versjon av "Rutinar for å sikra læringsutbyttet til elevane i løpet av 2022. Tilpassa opplæring i eit inkluderande læringsmiljø", og blir i tillegg lagt i "Dokumentbank sveioskulen" i Disk, og lenkja opp i årshjulet.

4. Sikre at skulene i kommunen har ein innarbeidd framgangsmåte for korleis lærarane som ein del av undervegsvurderinga vurderer om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Kommunen har ein tydeleg framgangsmåte og rutine for korleis ein skal vurdere elevane sitt utbytte av opplæringa i "Rutinar for å sikra læringsutbyttet til elevane. Tilpassa opplæring i eit inkluderande læringsmiljø". Denne rutinen ligg i Risk Manager, og skal henge på døra på kvart lærarrom/teamrom. For å sikre at lærarane er godt kjend med rutinen vil gjennomgang av denne bli lagt inn i årshjulet som fast post på første planleggingsdag.

5. Sikre at PP-tenesta er føremålstenleg organisert for å ivareta lovpålagte oppgåver.

Eit langsiktig mål er at PP-tenesta skal jobbe tettare med teama på skulane, og på det måten komme inn med rettleiing tidleg. I tillegg har skulene i Sveio faste kontaktdagar med PPT der ein drøftar elevar der ein treng rettleiing i høve til tiltak, og eventuell oppmelding og vidare utgreiing.

6. Gjennomgå og justere rutinar og malar som skal nyttast i sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning, slik at desse er i samsvar med regelverket og bidrar til å sikre at krav i regelverket blir etterlevd (jf. revisjonen sine vurderingar i 5.3.2).

Tilvisingsskjema til PPT vart oppdatert september 2020, og det er ingen grunn til å revidere ytterlegare. Revisjonen finn at ein fjerdedel av dei tilsette som svarte på undersøkinga opplev at dei ikkje har fått god nok opplæring i rutine for tilvising. Rutine skal bli gjort kjend på første planleggingsdag, og det vil bli knytt ein ressursperson til arbeid med tilvising, IOP og årsrapport.

7. Sikre at sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning er i samsvar med krav i opplæringslova og forvaltningslova (jf. revisjonen sine vurderingar i kapittel 5.4.2).

Revisjonen viser til at sakshandsaminga frå sakkunnig vurdering til enkeltvedtak i hovudsak er i samsvar med krav etter lova. Der kjem likevel fram at dette ikkje gjeld i alle tilfelle.

Det blei funne at det ikkje låg føre dokumentasjon på samtykke frå føresette i nokre tilfelle (Deloitte 2021:47). Når det gjeld tilråding til PPT har vore eit dokument kor føresette må skrive under, medan samtykke til spesialundervisning ligg i SamPro. Dette tyder at dokument må skrivast ut, og føresette må komme på skulen for å signere. I tillegg må ein logge seg inn i SamPro for å godkjenne. Dette er prosessar som er tungrodd, og det vil vere enklare for føresette om dette låg i Visma Flyt som ikkje krev fysisk oppmøte eller innlogging i SamPro. Ved at det blir laga ein mal for “samtykke til at mitt barn får spesialundervisning” i Visma Flyt Skole, vil det effektivisere og forenkle prosessen for både føresett og skule.

Når det gjeld sakshandsamingstid for sakkunnig vurdering har PPT nå fått på plass ny PPT-kontakt for skulane i Sveio. Det at ein ikkje har hatt PPT-kontakt har vore uheldig, men skuleeigar skal sikre at det ikkje tek urimeleg tid. Skuleeigar si “Rutine vedtak om spesialundervisning til born i skulepliktig alder” er oppdatert i tråd med § 11a tredje ledd i forvaltningslova, om sakshandsamingstid og førebels svar (Utdanningsdirektoratet, ingen dato).

Revisjonen peika på at avvik frå kompetansemål ikkje kom tydeleg fram i sakkunnig. PPT seier at kompetansemåla skal stå i sakkunnig vurdering, samt kva fag avvika gjeld. Kjem ikkje dette fram er det viktig at dette blir tatt opp med PPT. Det er i tillegg laga ny mal for IOP, kor avvik frå kompetansemål kjem tydelegare fram.

Det kom òg fram at spesialundervisninga ikkje var tydeleg spesifisert i sakkunnig og enkeltvedtak, utover om ho skjer i klassen, i gruppe eller ein-til-ein. Korleis dette er organisert blir utfyllande skildra i IOP og årsrapport. PPT seier i tillegg at ei sakkunnig vurdering er basert på samtale med skule, elev og føresette. Dette blir knytt opp i den sakkunnige og PPT meiner at organiseringa ikkje kan styrast frå dei. PPT skal seie noko om timar og organisering, men kan ikkje låse midlar til ein aktuell sakkunnig vurdering. Ein tar utgangspunkt i eleven sin prosess og utvikling, då blir det vanskeleg å seie noko om organisering og timar på detaljnivå. Spesialundervisning må kunne vere i ein kontinuerleg utvikling og følge barnets behov og utvikling.

Revisjonen peikar på at det må på plass ei rutine for å fornye midlertidige vedtak til vedtak er på plass. Det skal bli sikra med datofrist at elevar som har hatt sakkunnig vurdering førre skuleår blir tilvist på ny innan rimeleg tid, slik at PP-tenesta kan skrive ny sakkunnig vurdering innan det midlertidige vedtaket er gått ut. Frist kjem til å ligge i årshjul. Ein må merke seg at slike vedtak kan ein gjere fortløpande etter behov.

8. Sørgjer for at rektorane og dei tilsette ved skulane er kjent med gjeldande rutinar og malar dei skal nytte i samband med tilpassa opplæring og spesialundervisning.

“Rutine for å sikra læringsutbyttet til elevane. Tilpassa opplæring i eit inkluderande læringsmiljø” er oppdatert, og gjennomgang av denne ligg no som fast post på første planleggingsdag. Oppdaterte malar blir òg vist til. Alle rektorar i Sveio kommune er gjort kjend med oppdaterte malar og rutinar på rektormøte. Det er oppretta ei delt mappe i Disk som heiter “Dokumentbank sveioskulen”, kor alle som jobbar i skulane er lagt til. Her ligg malar og rutinar, og gir alle som treng det enkel tilgang. Dette er meir oversikteleg og kjent for pedagogisk personell på skulane, enn Risk Manager. Ikkje minst, mykje meir kompatibelt med Chromebook.

9. Sikrar at alle elevar får gjennomført den spesialundervisninga dei har vedtak om, under dette at elevar med vedtak om spesialundervisning får det talet timar dei har rett på.

Det er i samarbeid med PPT laga ny mal for "Årsrapport". Ein har tatt utgangspunkt i malen som ligg på Udir (2017), men har i tillegg lagt inn "Har eleven fått opplæringa den har rett på ifølgje vedtak som ligg føre for inneverande skuleår?"

Viss nei, forklar avviket", kor den som har ansvar for å skrive årsrapport gjer greie for opplæringa. Dette for å sikre at det blir dokumentert at eleven har fått gjennomført tilpassingar og spesialundervisning i høve til vedtak. Denne blir lagt inn i Visma SamPro som mal, av administrator.

Malen for "Enkeltvedtak om spesialundervisning" er oppdatert i tråd med Utdanningsdirektoratet sin mal for enkeltvedtak (ingen dato). I malen som låg i Risk Manager mangla andre avsnitt under "Grunngiving", dette er no på plass.

Malen for IOP er oppdatert, og ny versjon ligg i SamPro. Her er det lagt inn ei kolonne kor det kjem fram kva avvik eleven har frå kompetansemåla. Denne ligg ikkje automatisk på alle elevar som allereie har vedtak, difor må den nye malen leggjast inn når det kjem nye vedtak. Dette er ein prosess og skal bli automatisert. Dette er administrasjonane på skulane gjort kjend med.

10. Sørger for at dei som utarbeider IOP får tilstrekkeleg rettleiing i dette arbeidet &

11. Vurdere å utarbeide ei rettleiing for korleis skrive årsrapporten, for å sikre mest mogleg lik praksis på tvers av skulane.

Det har blitt vurdert at ein ikkje treng lage eigen rettleiar for korleis ein skal skrive årsrapport, då ein har integrert rettleiaren i den nye malen for årsrapport. Her kjem det klart fram kva som skal vere med i rapporten. Det blir oppretta eit nettverk for spesialpedagogane i Sveio kommune, som har faste samlingar ein gong i månaden, der ein kan skrive både årsrapport og IOP. Ein ressursperson vil styre dette.

12. Sett i verk målretta tiltak for elevar med rett til spesialundervisning som har fått endra sitt opplæringstilbod og dermed ikkje har nådd sine opplæringsmål som følgje av Covid-19-pandemien. Kommune bør vidare sørgje for å evaluere tiltaka for å vurdere effekten av tiltaka og behova for ev. ytterlegare tiltak.

I ny mal for årsrapport er det tilført ei kolonne der spesialpedagog skal evaluere om eleven har nådd sine opplæringsmål eller ikkje. Dette vil gjelde uavhengig pandemien, men i ei slik evaluering vil ein avdekke eventuelle følgjer av pandemien. Om ein pedagog meiner det er behov for ytterlegare tiltak blir det meldt frå om til- og drøfta med rektor. Ein vil då evaluere med rektor om ein treng ei ny tilråding frå PPT.

Det er naudsynt å presisere at alle sårbare elevar fekk opplæringstilbod på skulen under Covid-19-pandemien. Dette var eit tilbod for å sikre at elevar med spesialundervisning eller med føresette i samfunnskritiske yrke, fekk tilbod i tråd med kva dei hadde krav på for å nå opplæringsmål. Elev og føresett kunne seie nei til tilbodet.

Litteraturliste

- Deloitte (2021). "Forvaltningsrevisjon Sveio kommune. Tilpassa opplæring og spesialundervisning". <https://kontrollutvalgene.no/wp-content/uploads/2021/11/Deloitte-rapport-Tilpassa-opplaering-og-spesialundervisning-i-Sveio-sept-2021.pdf>
- Utdanningsdirektoratet (2021). "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis". <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokal-kompetanseutvikling/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis/#a156840>
- Utdanningsdirektoratet (2017). "Maler - spesialundervisning". Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/maler--spesialundervisning/>

- Utdanningsdirektoratet (ingen dato). “Veilederen spesialundervisning”. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/Spesialundervisning/Fase-3/6.5/>
- Utdanningsdirektoratet (ingen dato). “Mal for enkeltvedtak”. <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/maler-for-enkeltvedtak/spesialundervisning/?path=ceflegm>

Med helsing

Jostein Førre
rådmann

Elisabeth Nygaard
kommunalsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Vedlegg: “Kven gjer kva” - Oversikt og ansvar tolærer Vikse skule

Vikse skule					
Kven gjer kva?					
KVA	Kontaktlærer	Tolærer	Faglærer	Spes.lærer	Merknad
Foreldremøte	X	X			
Utviklingssamtale	X	(X)		(X)	Tolærer/spes.lærer er med på samtalen for elevlar med § 5-1 vedtak og andre elevlar med ekstra behov etter avtale.
Vurderingar	X	X	X	X	Alle er ansvarlege for vurderingar i sitt fag. Kontaktlærer og tolærer har delt ansvar for vurderingar i orden/åtfærd.
Undervisningsplanlegging, vekeplanar modulkart og modulplanar	X	X	X	X	Alle har ansvar i sine fag. Tolærer og kontaktlærer har delt ansvar. Spes.lærer har ansvar for tilpassing av klassen sitt arbeid / utarbeiding av eige opplegg for «sine» elevlar i dei faga dei er inne i.
IOP og årsrapport	X	X	X	X	Alle er ansvarlege for IOP og årsrapport i sine fag. Kontaktlærer og tolærer/spes.lærer har felles ansvar for vedtakssida og ferdigstilling.
Hovudkontakt heim	X				Er kontaktlærer borte, har tolærer ansvar for kontakt heim. Faglærer tek ansvar for sine timar. Den vaksne i situasjonar som oppstår har ansvar for å konferere med kontaktlærer, evt tolærer. Desse blir einige om kven av dei som ringjer heim.
Sjette for meldingar og svare på meldingar frå føresette	X				Kontaktlærer og tolærer kan avtale at tolærer tek meir ansvar. Er kontaktlærer borte, er det tolærer som har hovudansvaret. Faglærer tek ansvar for sine timar.
Permisjonssøknadar	X				Kontaktlærer kan godkjenne for 1-2 dagars frávær. Rektor handsamar søknadar som gjeld 3 dagar eller meir.
Følgje opp frávær på morgonen og i sin time. Sjå eigen rutine «elevfrávær»	X	X	X	X	Den som har timen har ansvar for å følgje opp rutinen. Den som har første time må alltid sjette for frávær i VFS.
Fráværsoppfølging: rapport kvar månad og evt. vidare oppfølging	X				Kontaktlærer rapporterer kvar månad til rektor. Ved behov for oppfølging blir kontaktlærer og rektor einige om vegen vidare.
Delta på møte kring elevlar	X	X		X	
Dokumentasjon i sosial- og fagleg tiltakslogg, oppfølging/evaluering av kartleggingsprøvar, tiltak , referat frå PPT-drøftingar og samtalar med føresette og oppfølging/evaluering av § 9A-planar	X	(X)	(X)	(X)	Kontaktlærer i samarbeid med tolærer og faglærer/spes.lærer § 9A i samarbeid med rektor og evt andre med ansvar for tiltak.

Vedlegg:

Rutine for å sikra læringsutbyttet til elevane



Rutine for å sikra læringsutbyttet til elevane

Tilpassa opplæring i eit inkluderande læringsmiljø



Innhold

Forord	3
1. Vurdering av læringsutbyttet til eleven	4
1.1 Tilpassa opplæring, inkludering og fellesskap	4
1.2 Intensiv opplæring 1. – 4. trinn	5
1.3 Forholdet mellom tilpassa opplæring, ordinær opplæring og spesialundervisning	6
1.4. Rutine når eleven ikkje har forventa læringsutbytte (jf. Nivå 0 og 1 i BTI-rettleiaren)	7
2. Sakshandsaming ved tilmelding til PPT (jf. Nivå 2 i BTI-rettleiaren)	8
2.1. Tilmelding til PPT	8
2.2. Sakkunnig vurdering	8
2.3. Vedtak og eventuell klage	8
2.4. Malar	9
3. Årshjul samarbeid skule - PPT	9
3.1 Planlegging for nytt skuleår	9
4. Ressursavdelinga, Sveio skule	10
4.1 Lovgrunnlaget	10
4.2. Målgruppa for avdelinga ved Sveio skule	10
4.3. Kompetanse	10
4.4. Arealbehov	10
4.5. Skyss	10
5. Ressurstildeling	11
5.1. Tildeling – spesialundervisning, tilpassa opplæring og deling.	11
5.2. Skjønntildeling	11
6. Oppfølging og evaluering	11
7. Malar i Risk Manager	12
8. Vedlegg	12

Forord

Godt læringsmiljø og godt læringsutbytte er avgjerande for korleis elevane våre skal meistra seinare utdanning og vaksenliv, og er såleis viktige faktorar i eit folkehelseperspektiv.

For å sikra kvalitet i opplæringa og auka læringsutbyttet for alle elevar, er det utarbeidd rutinar som vil vera gjeldande både for den gruppe elevar som skal sikrast tilfredsstillande utbytte innan ramma for tilpassa opplæring og den gruppe elevar som skal ha spesialundervisning.

I 2017 blei det utarbeidd eit dokument som blei kalla "Rutine Spesialundervisning/tilpassa opplæring", som igjen vart revidert i 2020 og gitt namnet "Rutine for å sikra læringsutbyttet til elevane. Tilpassa opplæring i eit inkluderande læringsmiljø". Mange av endringane blei gjort på bakgrunn av kommunen si deltaking i UDIR si satsing på inkluderande barnehage- og skulemiljø, samt nye føringar frå staten (t.d Meld. St. 6). Dette dokumentet er ei revidert utgåve av siste dokument. Rutinen er ei konkretisering av kva alle tilsette i skulane i Sveio skal gjere for å sikre læringsutbyttet til alle elevane. I denne utgåve er dette tydlegare knytt opp til BTI-modellen (vedlegg 3).

Dokumentet inngår i det forsvarlege systemet til skuleeigar (opplæringslova §13-10) og vil vera førande for alle som arbeider i skulane i Sveio.

Ansvar for utarbeiding og revidering av rutina:

2017	2020	2022
-Astrid Kleppe, PPT -Heidi Storstein, Sveio skule -Solfrid Lier Habbestad, Kommunalsjef.	-Astrid Kleppe, PPT -Heidi Storstein, Sveio skule -Lene Lier, Sveio skule -Solveig Skattkjær, Vikse skule	-Sølvi Hovda, Sveio skule -Kristine Rossehaug, Vikse skule -Lene Lier, Sveio skule -Therese Davidsen, PPT



Sveio, mai 2022

Elisabeth Nygaard
-kommunalsjef-



1. Vurdering av læringsutbyttet til eleven

I læringsutbyttet inngår mellom anna dei verdiane, haldningane, dugleikane og den kompetansen og kunnskapen elevane tileignar seg gjennom opplæringa. I opplæringslova og læreplanverket vert kjenneteikna for læringsutbyttet ytterlegare konkretisert (www.udir.no).

For å oppleve økt læringsutbytte, er elevane avhengige av å vere del av eit læringsmiljø som tek omsyn til variasjonar i evner og føresetnader. Samarbeid med føresette, godt læringsmiljø og ein undervisningspraksis som tek omsyn til at elevane lærer på ulike måtar og i ulikt tempo, kan førebyggje vanskar og avhjelpe eventuelle vanskar når dei oppstår (www.udir.no).

1.1 Tilpassa opplæring, inkludering og fellesskap

«Tilpassa opplæring: Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidatene». (Opplæringslova § 1-3)

«For å tilpasse opplæringen best mulig, må læreren ha kjennskap til hvilke forhold som gjør seg gjeldende i egen undervisning slik at læreren kan justere uheldige faktorer.

- Sentrale forhold i denne sammenhengen er
 - o relasjonen mellom lærer og elev
 - o relasjonen mellom elever
 - o klassens læringsmiljø
 - o klasseledelse
 - o elevforutsetninger
 - o regler og konsekvenser
 - o samarbeid mellom skole og hjem» (www.udir.no)

Tilpassa opplæring, inkludering og fellesskap i praksis i Sveioskulen	
KVA	ANSVAR
Observasjon av klassen/gruppa - klasseleiing - elevføresetnader - relasjon lærar-elev og elev-elev	Kontaktlærer og andre vaksne i klassen
Organisering av opplæringstilbodet i klassen/gruppa - Kva arbeidsmåtar og læringsstrategiar vert brukt i opplæring? - Kva tiltak blir gjort for å sikra inkluderande undervisning?	
Drøfting på trinn/team - Kva kan endrast på klasse-/ gruppenivå for å hjelpe eleven? - Korleis kan alle vaksne som er i klassen leggje til rette for ei inkluderande opplæring for eleven og klassen?	
Gjennomføring av tiltak.	
Evaluerings av tiltak.	

1.2 Intensiv opplæring 1. – 4. trinn

«På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørge for at elever som står i fare for å bli hengende etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventet progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.» (Opplæringslova § 1-4)

«Skolens plikt til å tilby intensiv opplæring blir utløst når en elev står i fare for å bli hengende etter i lesing, skriving eller regning. I forarbeidene står det at det er en lav terskel for å følge opp elever.

Hvis en elev skårer under kritisk nivå på en kartleggingsprøve, tilsier dette at eleven må følges opp av skolen. Det er likevel viktig å understreke at resultatet fra kartleggingsprøver ikke alltid vil være egnet til å fange opp om en elev har behov for ekstra oppfølging. Hvis skolen legger for stor vekt på slike prøver, kan det føre til en uheldig vente-og-se-holdning som gjør at det går for lang tid før eleven får oppfølging. Skolen kan heller ikke vente på resultat fra en kommende kartleggingsprøve før de setter i gang intensiv opplæring dersom de ser at en elev står i fare for å bli hengende etter. Dette må ses i sammenheng med den lave terskelen for å følge opp elever.» (www.udir.no)

Intensiv opplæring i praksis i Sveioskulen	
KVA	ANSVAR
Vurdere resultat frå gjennomførte kartleggingsprøvar på individ- og gruppenivå.	Kontaktlærer/ faglærarar/ spesialpedagog
Vurdere om tiltak må setjast inn på individ- eller gruppenivå. Drøft tiltak med PPT og lag ein tiltaksplan.	
Gjennomføre tiltak.	
Vurdere om tiltak har hatt ønska effekt. Retesting.	
Nye tiltak?	



1.3 Forholdet mellom tilpassa oppl ring, ordin r oppl ring og spesialundervisning

«Prinsippet om tilpasset oppl ring favner b de den ordin re oppl ringen og spesialundervisning. Skolens evne til   gi elevene oppl ring som ivaretar deres faglige og sosiale utvikling innenfor rammen av ordin r oppl ring, er med p    avgj re behovet for spesialundervisning. Spesialundervisning er ogs  tilpasset oppl ring, men ikke all tilpasset oppl ring er spesialundervisning.» (www.udir.no)

2019–2020

Meld. St. 6

49

Tett p  – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO



Figur 3.2 Inkluderende fellesskap i barnehage og skole

1.4. Rutine når eleven ikkje har forventa læringsutbytte (jf. Nivå 0 og 1 i BTI-rettleiaren)

Rutine når eleven ikkje har forventa læringsutbytte		
	KVA	ANSVAR
	Før ein sett i gang denne rutinen, må punkt 1.1 (Tilpassa opplæring, inkludering og fellesskap) og 1.2 (intensiv opplæring) vere gjennomført, vurdert og dokumentert	
1	Uro oppstår for læringsutbyttet til eleven: • Drøfting på team/trinn • Rektor må orienterast • Samtale med elev og føresette • Forslag til tiltak og kartlegging ved behov • Er syn og hørsel sjekka?	Kontaktlærer
2	Kartlegging, observasjon og analyse • Vurder situasjonen ut frå tidlegare gjennomførte kartleggingsprøvar og prøvar som er tilgjengelege for kartlegging av nå-situasjon. Drøft tiltak på kontaktmøte med PPT. • Vurderer undervisningssituasjonen, organisering og tilrettelegging saman med faglærarar i klassen, spes. ansvarleg på skulen og leiing, samt PPT. Skal vurderast både på individ- og gruppenivå. • Koma fram til aktuelle tiltak som kan gi ein meir tilpassa opplæringssituasjon og auka læringsutbytte for eleven.	Kontaktlærer andre lærarar i klassen
3	Samtale med elev og føresette: • Ta utgangspunkt i kartlegging, observasjon og analyse. • Opprett stafettlogg og lag tiltaksplan (vedlegg 5) og avtal oppfølgingspunkt.	Kontaktlærer
4	Utprøving av tiltak i avgrensa tidsrom: • Andre lærarar som har eleven, må vera informert om tiltaksplanen og bidra i samsvar med den. • Gi støtte/positiv merksemd til eleven i forhold til den innsats han/ho skal bidra med for å auka læringsutbyttet.	Kontaktlærer andre lærarar i klassen
5	Vurdering av tiltak: • Drøfta situasjonen med faglærer og andre på teamet som utgangspunkt for ny samtale med elev og føresette. • Evaluera tiltaka til skule, heim og elev og nåverande opplæringssituasjon i samarbeidamøte med elev og føresette. Vurder om PPT skal vere med. • Lærer, føresette og elev blir samde om vidare tiltaksplan og avtalar tidsrom for gjennomføring. • Oppdater stafettlogg.	
6	Utprøving av ny tiltaksplan • Kan be om rettleiing med PPT som ein del av tiltaka. • Prøver ut og justerer tiltak når det er trong for det.	Kontaktlærer andre lærarar i klassen
7	Ny evaluering • Gjennomføra ny evaluering saman med elev og føresette så snart den avtala utprøvsperioden er over.	Kontaktlærer

8a	Alt 1 i avslutningsfase: Saka blir avslutta om tiltaka har fungert tilfredsstillande og eleven har fått ein betre opplæringssituasjon med auka læringsutbyte. Dokumentasjon over gjennomførte og evaluerte tiltak vert arkivert i eleven si mappe.	Kontaktlærer Rektor
8b	Alt 2 i avslutningsfase: Om eleven ikkje får tilfredsstillande utbyte av den ordinære opplæringa, må behov for spesialundervisning og tilmelding til PPT vurderast. Om det blir avgjerd om tilvisning til PPT, må rutine for spesialundervisning setjast i verk (Risk Manager).	Kontaktlærer Rektor

2. Sakshandsaming ved tilmelding til PPT (jf. Nivå 2 i BTI-retteiaren)

Skulen har *plikt til å vurdere og eventuelt prøve ut tiltak* med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbyte av opplæringa *før* vedtak om spesialundervisning. (Opplæringslova § 5-4.) Dette skal sikra *at skulen føretar ei vurdering av om eleven kan få utbyte av opplæringa* før ei eventuell melding til PPT.

2.1. Tilmelding til PPT

Om det etter kartlegging, utprøving og vurdering av korleis tiltaka har fungert i forhold til læringsutbyttet til eleven, blir konkludert med at eleven framleis ikkje har tilfredsstillande utbyte av opplæringa, skal saka sendast PPT for sakkunnig vurdering:

- Etter opplæringslova § 5-4 må føresette gi samtykke til tilvising
- Skjema for melding til PPT må fyllast ut av føresette og kontaktlærer. Kontaktlærer må sørge for at alle punkt er fylt tilstrekkeleg ut.
- Rektor har ansvar for å kvalitetssikra og skriva under på tilvisingsskjema.
- Utfylt skjema skal drøftast i kontaktmøte med PPT før det vert sendt PPT.

Skjema for tilvising til PPT er å finna i Risk Manager

2.2. Sakkunnig vurdering

- Ei sakkunnig vurdering må liggja til grunn for det enkeltvedtak som rektor skal fatta om spesialundervisning.
- Av opplæringslova § 5-3 går det fram: «Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringsbehov som bør givast»
- Den sakkunnige vurderinga inneheld ei utgreiing og ei tilråding.
- Den sakkunnige vurderinga er rådgjevande.

2.3. Vedtak og eventuell klage

- Rektor avgjer med grunnlag i sakkunnig vurdering frå PPT om eleven har rett til spesialundervisning.
- Rektor har ansvar for at det blir skriva enkeltvedtak som er i samsvar med reglane i opplæringslova og forvaltningslova. Det skal alltid skrivast enkeltvedtak når ein elev har vore meldt til PPT, også når vurderingane konkluderer med at eleven ikkje har rett på spesialundervisning.
- Av enkeltvedtaket må det gå fram kva som vil vera eit forsvarleg tilbod i samsvar med Opplæringslova § 5-1.

- Når enkeltvedtaket ikkje er i samsvar med den sakkunnige vurderinga, må det drøftast med føresett før ein skriv enkeltvedtak. Det må òg gå fram i grunngjevinga kvifor det er avvik mellom enkeltvedtak og sakkunnig vurdering.
- Enkeltvedtaket skal sendast elev og føresette. Føresette kan klaga på enkeltvedtaket.

2.4. Malar

- Førehandsvarsel om vedtak om spesialundervisning jf. Fvl. § 16 er lagt i Risk Manager
- Mal for enkeltvedtak om spesialundervisning er lagt i Risk Manager
- Mal for vedtak avslag om spesialundervisning er lagt i Risk Manager
- Mal for Tilvisingsskjema PPT i Dokumentbank Sveioskulen (Disk)
- Mal for IOP i SAMPRO + Dokumentbank Sveioskulen (Disk)
- Mal for årsrapport ligg i SAMPRO + Dokumentbank Sveioskulen (Disk)

3. Årshjul samarbeid skule - PPT

3.1 Planlegging for nytt skuleår

Årshjul for samarbeid skule PPT ved nytt skuleår		
TID		ANSVAR
Mars	Evaluering av alle elevar med spes. tiltak:: Måloppnåing/trong for vidare tiltak	Rektor lærer
April	Før 15.april: Førsteutkast årsrapport. Retilvising PPT ved behov	Rektor Kontaktlærer spesiallærer
	Før 25.april: Drøftingsmøte sakkunnig vurdering	Rektor og PPT
Mai		
Juni	Før 1.juni: Nye sakkunnige vurderingar	PPT
	I tida 1.-24.juni: Førebu oppstart for elevar med spesialundervisning gjennom organisering og tilrettelegging.	Rektor og lærar
Aug	Ha stort fokus på å få til ein god start av nytt skuleår.	Kontaktlærer, spes.lærer og andre lærarar rundt eleven
	Midlertidlege vedtak på elevar på 1. og 8. trinn som ein veit skal ha spesialundervisning	Rektor
15. Sept	Frist IOP i SAMPRO. Gjeld òg midlertidlege vedtak.	Kontaktlærer Spesialpedagog
Okt		
Nov		

* Ved ny sakunning vurdering og vedtak om spesialundervisning som kjem i løpet av skuleåret, må det bli laga ny/revidert IOP snarast mogeleg.

4. Ressursavdelinga, Sveio skule vedlegg - S + L

4.1 Lovgrunnlaget

Opplæringslova § 8-1: «Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til.». **Alle** barn har rett til å gå på nærskulen, og dei fleste elevar med store, særskilte behov er å finna og får ei god tilrettelegging der.

4.2. Målgruppa for avdelinga ved Sveio skule

Avdelinga ved Sveio skule skal leggja til rette for elevar med store og gjerne samansette funksjonshemmingar som i tillegg til opplæring kan ha trong for stell, pleie, kvile og relativt mykje ekstrautstyr. Helsetilstanden kan vera svekka, og dei kan ha spesielle utfordringar med å ta til seg næring. Såleis vil dette tilbodet slik det her var og er tenkt, ha få elevar i si målgruppe.

4.3. Kompetanse

Målet med eit opplæringstilbod på avdelinga må vera at elevane får gode vilkår for læring og trening slik at dei får utnytta læringspotensialet sitt. Den viktigaste grunnen til å etablera ein base, er den samla kompetanse i personalgruppa som kan etablerast i eit større fagmiljø rundt om lag fire elevar.

Det vil til ei kvar tid vera trong for ein vaksen pr. elev, og totalt vil det vera trong for meir enn fire stillingar når ein ser grunnopplæring og SFO under eitt. Når det gjeld opplæringa, vil dette vera ei oppgåve for spesialpedagogar med kunnskap om teori og metodar for denne målgruppa. I tillegg til spesialpedagogar kan det vera trong for vernepleiarar som har ei målretta utdanning i forhold til å arbeida med heilskapen i lærings- og livssituasjonen til borna. Ulike faggrupper i kommunen har eit ansvar i forhold til denne elevgruppa som for eksempel fysioterapeutar, ergoterapeutar, PPT, lækjar og helsesøster. Desse kan bli viktige samarbeidspartar og styrkja kompetansen til personalet i avdelinga. Andre eksterne aktørar som f.eks Stat. Ped. Vest kan vera ein samarbeidspart i periodar.

4.4. Arealbehov

Ein må ha som utgangspunkt at elevar i målgruppa for tilbodet vil ha trong for rullestol og ein del ekstra utstyr. Såleis krev avdelinga store og gode areal med enkel tilkomst. Vidare må det vera bad med plass for stell og pleie, kvilerom eller ein avskjerma plass for kvile i fellesarealet. Kjøkken og eit godt lagerrom høyrer vidare med. Arealet må gi høve til trening og motoriske øvingar i det daglege. Høve til å nytta basseng, gymnastikksal og musikkrom kan vera viktig for denne gruppa.

4.5. Skyss

Fylkeskommunen har det økonomiske ansvaret for skyss til nærskulen for alle elevar. Når kommunen legg til rette for eit alternativt skuletilbod som samlar elevar frå ulike skular, er det kommunen som får det økonomiske ansvaret for skyss for dei elevane som ikkje har Sveio skule som sin nærskule.

5. Ressurstildeling

5.1. Tildeling – spesialundervisning, tilpassa opplæring og deling.

- I tillegg til på grunntildelinga til barneskulane og grunntildelinga til ungdomstrinnet, vil kvar skule få tildelt timar etter same prosenttal av grunntildelinga som skal gå til å styrkje tilpassa opplæring, intensiv opplæring enkeltvedtak til spesialundervisning og delingstimar.
- Barn og unge med omfattande funksjonsnedsetting, eller som krev særskild tilrettelegging vil bli vurdert tildeling utover nemnte prosenttal (sjå vedlegg X). Fagarbeidar/miljøterapeut blir tildelt etter trong, gitt vedtak.

5.2. Skjønntildeling

Det kan vera aktuelt å gi skular ekstra tildeling etter skjønn. Til dømes vil dette bli vurdert om skulen har elevar med store utfordringar som har andre skular i kommunen som nærskule.

6. Oppfølging og evaluering

Denne rutinen vil bli følgt opp og evaluert etter følgjande plan:

TID	OMRÅDE FOR VURDERING	ANSVAR
Innan 1.nov	På kvar skule: • Prosess som gjeld nye elevar på 1.og 8.trinn • Korleis fungerer den ordinære opplæringa for elevar med noko behov for meir tilrettelegging?	Rektor/PPT
Nov	I skuleleiarmøte: • Prosess som gjeld nye elevar på 1.og 8.trinn • Korleis ser me at den ordinære opplæringa fungerer for elevar med faglege og sosiale utfordringar. • Oppfølging av avtalar, system og rutinar på alle nivå i og hjå alle parter i organisasjonen. • Behov for justeringar med grunnlag i evaluering	Kommunalsjef
Haust	Styremøte for PPT: • Samarbeid skule og PPT • Oppfølging av avtalar, system og rutinar på alle nivå og hjå alle parter i organisasjonen.	Leiar PPT
April	Skule: • Evaluering av samarbeidet om elevar med store, samansette vanskar. • Tilhøvet mellom systemretta arbeid og sakkunnig vurdering • Gir den ordinære opplæringa tilfredsstillande læringsutbyte for elevar med trong for noko tilpassing av opplæringssituasjonen?	Rektor/ Sakshandsamar PPT
Mai	I skuleleiarmøte: • Evaluering av samarbeidet om elevar med store, samansette vanskar.	Kommunalsjef

	• Tilhøvet mellom systemretta arbeid og sakkunnig vurdering • Gir den ordinære opplæringa tilfredsstillande læringsutbyte for elevar med trong for noko tilpassing av opplæringssituasjonen?	
--	---	--

7. Malar i Risk Manager

- Tilvisingsskjema PPT
- Førehandsvarsel om vedtak om spesialundervisning jf. Forvaltningslova § 16 i SAMPRO
- Samtykke til spesialundervisning i SAMPRO
- MAL IOP i SAMPRO
- MAL årsrapport i SAMPRO
- Vedtak om ikkje rett til spesialundervisning
- Vedtak om spesialundervisning i SAMPRO

Når ein elev har fått sakkunnig vurdering frå PPT, nyttar ein malane i SAMPRO i det vidare arbeidet.

8. Vedlegg

- Vedlegg 1: «Kartlegging innen ulike utviklingsområder»
- Vedlegg 2: «Tips til kartlegging»
- Vedlegg 3: «BTI-rettleiar»
- Vedlegg 4: "Obligatorisk kartlegging i Sveioskulen"
- Vedlegg 5: Mal aktivitetsplan

Vedlegg 1: Kartlegging innen ulike utviklingsområder

Av Berly Døske og Astrid M. Kleppe, PPT

Skolen skal kartlegge elevens faglige og sosiale utvikling. Til dette benyttes normerte prøver/kartlegginger iht rutine for kommunen. I tillegg må elevens strategier for læring beskrives.

Under finnes en oversikt over hensiktsmessige kartlegginger for ulike utviklingsområder som kan gi vansker relatert til læring i skolen. Dette er kartlegginger som skolen og læreren gjennomfører i samråd med elevens foresatte og i dialog med skolens ledelse/PPT.

For alle elever hvor en er bekymret for læringsutbyttet bør en undersøke følgende før en går i gang med videre kartlegging:

	Ja	Nei
Har eleven problemer med syn/hørsel/motoriske vansker?	☐	☐
Har eleven faglige vansker?	☐	☐
Har eleven sosiale vansker?	☐	☐
Er eleven eller familien i en vanskelig situasjon?	☐	☐
Har eleven vansker med lesing eller skriving?	☐	☐
Har eleven språklige vansker?/forsinket språkutvikling?	☐	☐

Hvilke tilpasninger blir gjort i forhold til elevens vansker?

Hva er elevens egen oppfatning av vanskene?

Situasjoner som eleven opplever som vanskelige – beskriv.

Vedlegg 2: Tips til kartlegging

Av Berly Døske og Astrid M. Kleppe, PPT

Hvis en elev strever med...		Aktuelle lenker
Konsentrasjon og oppmerksomhet vansker med å regulere aktivitetsnivå og oppmerksomhet, utholdenhet i arbeid, impulsstyring, uro	Observasjon i klassen Sjekkliste for konsentrasjon og oppmerksomhetsvansker (www.udir.no) ADDES	www.statped.no www.adhdnorge.no
Språk/tale begrenset ordforråd, vansker med å forstå, vansker med språkløyper	Språk 6-16 20 spørsmål om språkferdighet Kartlegging av grunnleggende begreper	www.statped.no www.sprakloyper.uis.no
Lese/skrive ferdighet vansker med å følge forventet progresjon i lesing og skriving	STAS Språk 6-16 Setningsleseprøve S40 Ordkjedetest Carlsten Læringsstøttende prøver fra udir Språkløyper – lese- og skrivevansker LOGOS	www.lesesenteret.no www.skrivesenteret.no www.logometrica.no www.statped.no www.sprakloyper.uis.no
Matematikk spesifikke vansker – vansker med innlæring av tall og tallforståelse, vansker med bruk av penger, klokke, vekt, volum, former, tabeller.	Alle teller M-prøvene Nasjonale prøver Tegne-regneprøven Kartlegging av generell begrepsforståelse	www.statped.no www.sprakloyper.uis.no
Sosiale- og emosjonelle atferd som bryter skolens regler, normer og forventninger. Atferden hemmer undervisning og læringsaktiviteter og elevens lærings og utvikling. (Ogden 2001)	Sosiogram Innblikk – et sosialanalytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing. Tove Flack.	www.laringsmiljosenteret.uis.no www.helse-fonna.no/barn-og-unges-helsetjeneste www.linktillivet.no
Flerspråklige	Kartleggingsmateriell fra Utdanningsdirektoratet.	www.hio.no/nafo www.fremmedspraksenteret.no

Vedlegg 3: BTI-rettleiar

Nivå 0 Tidleg innsats Definer uroa for eit barn. Del uroa med næraste leiar, før du eventuelt deler uroa med føresette/barnet. Målet er å fremje positiv utvikling. Steg 1: Definer uroa for eit barn Steg 2: Del uroa med leiaren din Steg 3: Del uroa med føresette og barnet Steg 4: Grunn til vidare oppfølging? Steg 5: Avslutt saka	Nivå 1 Tidleg innsats Jobb saman med føresette og barn for å finna ei løysing. Her vert det i utgangspunktet jobba innan ei enkelt teneste/avdeling. Målet er å fremje positiv utvikling. Steg 1: Opstart - Samtykke til stafettlogg Steg 2: Skap felles forståing Steg 3: Sett i verk tiltak Steg 4: Evalueringsmøte - Del 1: drøftingsdel Steg 5: Evalueringsmøte - Del 2: Avgjerd om vegen vidare	Nivå 2 Tverrfagleg samarbeid Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom kommunale tenester, føresette og barn for å løysa utfordringa. Målet er å fremje positiv utvikling. Steg 1: Nettverksmøte - Del 1: Opstart Steg 2: Nettverksmøte - Del 2: Planlegg tiltak Steg 3: Sett i verk tiltak Steg 4: Evalueringsmøte - Del 1: Drøftingsdel Steg 5: Evalueringsmøte - Del 2: Avgjerd om vegen vidare	Nivå 3 Tverrfagleg samarbeid Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester, føresette/barn og tilviste tenester for å løysa utfordringa. Målet er å fremje positiv utvikling. Steg 1: Første møte med aktuell instans Steg 2: Planlegg tiltak Steg 3: Sett i verk koordinerte tiltak Steg 4: Evalueringsmøte - drøftingsdel Steg 5: Evalueringsmøte - avgjerd om vidare koordinert innsats
--	---	---	--

For utfyllande opplysning og rutine sjå: [Sveio BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Sveio kommune \(betreinnsats.no\)](https://sveio.no/betre-tverrfagleg-innsats-for-barn-og-unge-i-sveio-kommune/betreinnsats.no)

Vedlegg 4: "Obligatorisk kartlegging i Sveioskulen"



Sveio kommune

Kartlegging i Sveioskulen - fang opp følg opp -

versjon 13.05.2022

Trinn	Tid	Obligatoriske kartleggingar	Frist for registrering	Ansvarlege
1. trinn	Haust	Carlsten lesefart og leseforståing	22. desember ->Engage	Faglærer / kontaktlærer
	Vår	UDIR Kartlegging rekning – dig. UDIR Kartlegging lesing – dig. Sosiogram	15.mai ->Engage 31.mars	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer
2. trinn	Haust	Alle tel 2 Carlsten lesefart og leseforståing	25. september ->Engage 15. oktober ->Engage	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer
	Vår	Sosiogram	31.mars	Kontaktlærer
3. trinn	Haust	UDIR Kartlegging rekning – dig. UDIR Kartlegging lesing – dig.	28.oktober	Faglærer / skuleleing Faglærer / kontaktlærer
	Vår	Alle tel 3 Carlsten lesefart og leseforståing Sosiogram	15.mai ->Engage 31.mars	Faglærer / skuleleing Faglærer / skuleleing Kontaktlærer
4. trinn	Haust	Alle tel 4 Carlsten lesefart og leseforståing	25. september ->Engage 15. oktober ->Engage	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer
	Vår	Sosiogram	31.mars	Kontaktlærer
5. trinn	Haust	UDIR Nasjonal prøve, lesing UDIR Nasjonal prøve, engelsk UDIR Nasjonal prøve, rekning	PAS – plan frå Udir. (Engage) PAS – plan frå Udir. (Engage) PAS – plan frå Udir. (Engage)	Faglærer / skuleleing Faglærer / skuleleing Faglærer / skuleleing
	Vår	Carlsten lesefart og leseforståing Kartlegging avheng av resultat frå nasjonale prøvar (sjå *) Spekter	15. juni ->Engage 15. mai 31.mars	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer
6. trinn	Haust	Carlsten lesefart og leseforståing	15. oktober ->Engage	Faglærer / kontaktlærer
	Vår	Carlsten lesefart og leseforståing Spekter	15. juni ->Engage 31.mars	Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer
7. trinn	Haust	Carlsten lesefart og leseforståing UDIR Elevundersøkinga	15. oktober ->Engage November - desember	Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing
	Vår	Carlsten lesefart og leseforståing Spekter	15. juni ->Engage 31.mars	Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer

8. trinn	Haust	UDIR Nasjonal prøve, lesing UDIR Nasjonal prøve, engelsk UDIR Nasjonal prøve, rekning UDIR Elevundersøkinga	PAS – plan frå udir. (Engage) PAS – plan frå udir. (Engage) PAS – plan frå udir. (Engage) 15. november	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing
	Vår	Kartlegging avheng av resultat frå nasjonale prøvar (sjå *) Spekter	15. juni ->Engage 31.mars	Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer
9. trinn	Haust	UDIR Nasjonal prøve, lesing UDIR Nasjonal prøve, rekning UDIR Elevundersøkinga	PAS – plan frå udir. (Engage) PAS – plan frå udir. (Engage) 15. november	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing
	Vår	Kartlegging avheng av resultat frå nasjonale prøvar (sjå *) Spekter	15. juni ->Engage 31.mars	Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer
10. trinn	Haust	Carlsten lesefart og leseforståing UDIR Elevundersøkinga Spekter	15. november ->Engage 15. November 31.mars	Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing Kontaktlærer

Merknad:**Felles for alle prøvar: fang opp - følg opp!**

Kontaktlærer og faglærer har ansvar for å setja seg inn i og følgja «rutine 1.4» i spespedrutina, og retteleiarar og rutinar på UDIR sine nettsider.

Det skal lagast tiltaksplan for elevar som skårar på eller under kritisk grense, og for elevar som skårar på nivå 1 på nasjonale prøvar i barneskulen og nivå 1 og nedre del av nivå 2 i ungdomsskulen. Tiltaksplanen skal m.a. innehalda plan for re-testing for å sjekka eleven sin progresjon.

Ved behov skal det takast andre kartleggingsprøvar enn dei obligatoriske. Ansvar for vurdering av behovet og oppfølging av læringsutbyttet ligg til kontaktlærer og faglærer.

***Kartlegging på våren for 5., 8. og 9. trinn**

«Alle tel» er obligatorisk for dei elevane som skårar på nivå 1 på 5. trinn, og nivå 1 og nedre del av nivå 2 på 8. og 9. trinn på nasjonal prøve i rekning.

Elevundersøkinga, sosiogram og Spekter

Elevundersøkinga obligatorisk 7.-10.trinn, men kan gjennomførast frå 5.trinn. Spekter 4.-10.trinn. Sosiogram 1.-3.trinn.

Døme på andre aktuelle prøvar

Ordkjedefest, Karakterstøttende prøvar, Læringsstøttende prøvar, Språk 6-16, 20 spørsmål, M-prøva, Multi, Orddiktat (Kåre Johnsen), «fysioterapistesten»

***Nasjonale prøvar**

Skulane skal utarbeida rutinar for oppfølging av resultata. Det skal lagast tiltaksplan for elevar som skårar på nivå 1 på 5. trinn og nivå 1 og nedre del av nivå 2 på 8. trinn. Resultat på 8. trinn vert registrert med avgjearskule. Resultat vert diskutert på trinn / lag og i samla kollegium. Føresette skal vere orientert om resultat innan desember. Rektor rapporterer resultat og plan for oppfølging i møte med skuleleiar.

Vedlegg 5: MAL aktivitetssplan - skule/barnehage

Aktivitetsplan		Plan nr:
Bornet sitt namn	Eining	Kommune

Født	Klasse	Tiltaksplan oppstart og varigheit	Aktivitetsplan oppdatert

Problemskildring Kva har den som varslar sagt?					
Eleven si oppleving av situasjonen Barnekonvensjonen artikkel 12 barnet sin rett til å bli høyrte					
Skulen si vurdering av meldinga Kort oppsummert kva skulen allereie er kjent med og kva skulen har gjort til no					
Hovudmål Hovudmålet skal skildre den ønska situasjonen					
Delmål Lag ei oversikt over alle delmåla på dei ulike nivåa. Lim inn fleire rader ved behov					
Delmål	Kva skal tiltaket løyse	Tiltak/aktivitet	Ansvarleg	Tidsperspektiv	Evaluering
Delmål på individnivå	Kva skal tiltaket løyse	Tiltak/aktivitet	Ansvarleg	Tidsperspektiv	Evaluering
Delmål på gruppenivå	Kva skal tiltaket løyse	Tiltak/aktivitet	Ansvarleg	Tidsperspektiv	Evaluering
Delmål på Systemnivå	Kva skal tiltaket løyse	Tiltak/aktivitet	Ansvarleg	Tidsperspektiv	Evaluering
Delmål for helse Dersom ønskeleg	Kva skal tiltaket løyse	Tiltak/aktivitet	Ansvarleg	Tidsperspektiv	Evaluering

Barnekonvensjonen artikkel 12: Barnet sin rett til å bli høyr Her skildrar ein korleis eleven har blitt høyr i den aktuelle saka					
Barnekonvensjonen artikkel 3: Barnet sitt beste Her skildrar ein korleis ein har vurdert barnet sitt beste i den aktuelle saka					
Underskrifter					
Stad og dato			Underskrift elev		
Underskrift føresett			Underskrift rektor		

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	20.06.22	18/22
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OM RUTINAR KNYTTE TIL TILDELING AV HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rådmannen si tilbakemelding om rutinar knytte til tildeling av helse- og omsorgstenester til orientering.

Vedlegg: Tilbakemelding frå rådmannen, dagsett 09.06.22

Bakgrunn

Kontroll- og kvalitetsutvalet vedtok i møtet 09.05.22, sak 14/22 under referat- og orienteringssaker mellom anna følgjande:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber på bakgrunn av henvendinga frå Sveio eldreråd om ein tilbakemelding frå rådmannen om prosedyrar og rutinar knytte til søknader om kommunale pleie- og omsorgstenester ved tildelingskontoret til møtet 20. juni.

Skriftleg svar vert levert sekretariatet innan 10.06.22. Utvalet ber om også om at rådmannen orienterar om saka i junimøtet.

Tilbakemelding

Vedlagt følgjer rådmannen si tilbakemelding dagsett 09.06.22. Sekretariatet har valt å ta tilbakemeldinga inn i saksframlegget:

«Tenestekontoret (TK) i Sveio blei oppretta i mai 2014. TK er eit kommunalt forvaltningsorgan som er tillagt øvste mynde til å ivareta kommunen sitt ansvar og plikt til å fatte enkeltvedtak av helse og omsorgstenester i kommunen.

TK utøver saksbehandling og vedtak etter helse- og omsorgstenestelova m.m. Hensikt er å ha ein portvaktfunksjon, både med omsyn til rettferdig fordeling, likebehandling og ressursbruk samt sikra innbyggjarane nødvendig forsvarlege helse og omsorgstenester.

Tenestekontoret er organisert under kommunalsjef for helse og omsorg.

Bemanning: 2 årsverk + 1 stilling innan velferdsteknologi.

Tenestekontoret saksbehandlar søknader om følgande tenester:

- *korttids -og langtidsopphald institusjon*
- *heimesjukepleie*
- *praktisk bistand*
- *velferdsteknologi*
- *tryggleikspakke*
 - *matombringing*
- *støttekontakt*
- *dagsentertilbod*
- *omsorgsbustad*
- *kvardagsrehabilitering*
- *pårørandestøtte*
- *brukarstyrt personleg assistent (BPA)*

Føremål og omfang

Alle som er busett eller har mellombels opphald i Sveio skal få naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg når behov oppstår.

Sveio kommune ynskjer at våre innbyggjarar skal få bu heime så lenge som mogeleg trass redusert funksjonsevne. I Sveio er difor omsorgstenestene i betydeleg grad innretta som heimetenester, og terskelen for institusjonsplassar vil såleis vera høg.

*Sveio kommune legg **omsorgstrappa** til grunn for all tenesteyting. Målet for tildeling av tenester er best mogeleg utnytting av tilbodet samt å legge til rette for at den enkelte brukar kan ivareta eigen omsorg. Tiltak som førebygging, redusere eller utsett behov for institusjonsbehandling eller anna heildøgnsstilbod vert prioritert. Tilbodet tek utgangspunkt i brukaren sine individuelle behov, ressursar og sosiale situasjon.*

Ansvar og oppfølging

Søknad om helsehjelp blir motteke og registrert/journalført av TK.

Saksbehandlar føreteik nødvendige undersøkingar og innhentar relevant informasjon, anten ved kartleggingsbesøk i heimen eller ved samtale på kontoret. Ein nyttar gjeldande kartleggingsverktøy som IPLOS. Ved akutt behov yt ein hjelp fyrst, og gjer skriftleg sakshandsaming etterpå.

